

Vassproblem i Beinavikjo

20.12.2015

Det er framleis vassproblem i Beinavikjo, melder Endre Eidsvik til kommunen. Det gjeld både oppe ved hovudvegen nedfor Lars Martin Feet og nede ved sjøen mellom Mikal Myklebust sitt naust og naustet til Eidsvik. Der kjem det ei kistegrøft som har vore vidareført i betongrøyr.

I avtalen for legging av nytt VA-anlegg ned i Beinavikjo var det og avtalt at gamle kisteveiter skulle avskjerast og koplast saman med fellesanlegget.

Det kjem framleis endel vatn i kisteveita mellom Eidsvik og Myklebust og dette kjem ikkje vidare ut i røyrane då desse ikkje fungerer. Vatnet pressar seg opp i stranda og terrenget.

Før var dette vatnet blanda med overløpsvatn frå kloakk, men dette ser ut til å vera løyst no.

Eidsvik meiner kommunen har eit ansvar for å sikra at vatnet som kjem frå kisteveita vert leia hensiktsmessig ut i sjøen eller kobla til anna fellesanlegg.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen